

11.09.2009

Elevane fjerna tagginga



18 fornøgde elevar etter fin dugnadsjobb i grillhytta. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Då elevar og lærarar kom på skulen att etter ferien fekk dei eit lite sjokk: Den fine grillhytta var tagga fullstendig ned innvendig. Og det var andre gongen noko slikt skjedde under ein ferie.

No er spora etter tagginga borte. Skrift og teikningar vart vaska grundig bort i dag (fredag) med såpe og dei som gjorde jobben var dei 18 elevane i sjette og sjuande klasse.

Rektor Vidar Haugland er full av ros for at dei tok på seg jobben på dugnad og gjennomførte den så fint.

-Dei eldste elevane våre syntes det var trist at hytta såg slik ut og ville ha bort spora etter tagginga.

Vi var litt skeptiske på førehand, men så viste det seg at dei var flinke til å samarbeide og at dei jobba raskt og effektivt, seier rektor til uskedalen.no.

Ingen veit kven som tagga ned grillhytta, men Haugland reknar med at det ikkje var uskedelingar som gjorde det. Og så håpar han og elevane at det ikkje vil skje igjen.

Av Ola Matti Mathisen